



Turneringsreglement

Turneringa følger kampreglementet til NFF og [spelereglar for spel på små banar \(13 år og eldre\)](#).

Spelform i turneringa er 5v5.

Speletid: 1x17 minutt. Dei to beste plasserte i kvar pulje kvalifiserer seg til A-sluttspel gjennom natta.

Sluttspel

Dei to beste laga i kvar pulje går vidare til A-sluttspel.

Dersom to eller fleire lag har like mange poeng etter gruppespelet, avgjerast plassering etter følgande kriterium/rekkefølge: målskilnad/ flest skåra mål/ innbyrdes oppgjør, og til slutt ved myntkast i sekretariatet.

Kampar i sluttspellet avgjerast ved straffesparkkonkurranse dersom det står uavgjort ved full tid.

Viktige reglar:

Regel 1 – Banestorleik: 15 m (breidde) x 6 m (lengde).

Regel 2 – Ballen: 13–14 år: str. 4, 15–17 år: str. 5

Regel 3 – Tal på spelarar: Fem spelarar på kvart lag, inkludert målvakt, på banen samstundes. Innbytte kan skje kor tid som helst (flygande innbytte), og skal skje i nærleiken av midtstreken. Unntak: Målvakt kan berre byttast ved stopp i spelet. Deltakarliste skal leverast seinast 75 minutt før lagets første kamp i turneringa, føretrinnsvis på nett (Profixio).

Regel 7 – Speletid er 1x17 minutt. Start og slutt på felles signal. Det er eit tett kampprogram. Vi bed om at alle laga er klar til kamp på tida.

Regel 9 – Dersom ballen går i **taket** skal spelet gjenopptakast med målkast til motstandarens målvakt.

Regel 11 – Ingen offside

Regel 12 – Umiddelbar soning ved gult kort (fem minutt, administrerast av lagleiar). Ein spelar som har tre gule kort i turneringa, må stå over neste kamp. Det same gjeld ved femte, sjuande, osv.

Regel 13 – Frispark: Motspelarar til det laget som tar frispark skal vere minst fem meter frå ballen til ballen er i spel.

Regel 14 – Straffesparkmerket er midt foran målet på straffesparklinjen.

Regel 15 – Innkast

Regel 16 – Målspark: Målspark er erstatta av **målkast**. Dersom målvakta kastar ballen direkte i motstandarlagets mål frå eit målkast eller mens ballen er i spel, skal målet ikkje godkjennast og motstandarlaget tildelast eit målkast.

Spelerett

Turneringa følgjer reglane og retningslinene frå NFF om alder og klasseinndeling. Spelarar må vere gyldig medlem av den klubben dei deltar for. Turneringa følgjer NFF sine retningsliner for å nytte overårige spelarar (§ 2-3 og § 2-4).

Protest

Protest leverast til sekretariatet innan ti minutt etter kampslutt. Ein jury på tre personar vil ta stilling til protesten. Avgjerda kan ikkje påklagast, og er dermed endeleg.

Fair play

Turneringa blir gjennomført etter prinsippa som gjeld for fair play i norsk fotball. Vi vil ha kampvertar til stade under heile turneringa. Vi oppmodar alle spelarar, trenarar og foreldre til å utvise gode haldningar og vise respekt for medspelarar, motspelarar, dommarar og spelet.



Fotball for alle

